

## Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 10.03.2015

### Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda

Hordaland fylkeskommune er positiv til innføringa av EUs mobilitetsverktøy ECVET for å godkjenne utanlandsk fagutdanning, med følgjande merknader:

1	Prosessen med å ta i bruk ECVET må samordnast på nasjonalt nivå, og det må leggast opp til grundig opplæring og informasjon.
2	Ansvaret for å sikre einskapleg praksis ved godkjenning av utanlandsk fagutdanning må ligge til eit nasjonalt organ.
3	Høyringa presenterer ingen økonomiske modellar for gjennomføring av bruken av ECVET. Eventuelle meirkostnader for fylkeskommunane må leggjast inn i dei statlege løyvingane til fylkeskommunane.